MED kvar sin kurs

KLASSEKAMPEN Venstresidas dagsavis

(U)LIKE: Ofte får me høyra at Ap og Høgre er blitt så like at det er uråd

Klassekampen 1 30. aug 1750 ord side 10

Forfatter: Av Anne Kari hinna

å skilja mellom dei. Men på fleire område er forskjellane betydelege, og dei veks.

NYHETER

Du som er medlem av ei fagforeining, Eva, har du fått med deg at Høgre no går til val på å behalda fagforeiningsfrådraget?

Enighet i sakar om arbeidsliv

vs.

Vis avisside

Det blir vel mykje av det same? Det var spørsmålet som kom i retur, då eg nyleg spurte ein venn, la oss kalla ho Eva, om ho hadde bestemt seg for kva ho skulle stemma. Og Eva er ikkje aleine. Både miljøvernarar, raddisar og kommentatorar tyr ofte til den gamle tesa om at det ikkje er nokon forskjell på Arbeidarpartiet og Høgre. Men om mange er einige om at Arbeidarpartiet og Høgre eigentleg er ganske einige, så er i alle fall Arbeidarpartiet og Høgre einige om at dei er ueinige.
I desse dagar går tusenvis av Ap- og Høgrefolk på husbesøk for å fortelja at det står om eit retningsval 11. september. Så kor einige er dei eigentleg, Eva?

Det overflatiske svaret er 50 prosent. Organisasjonen Holder de ord har laga ein database med resultata frå avstemmingar i Stortinget frå 2009 til i dag og presenterer matriser over kor einige partia på Stortinget faktisk er. Ein titt her viser at Arbeidarpartiet og Høgre har stemt likt i 50 prosent av avstemmingane dei åtte siste åra. Her viser det seg også at Arbeidarpartiet og Høgre blei meir einige straks Høgre-leiar Erna Solberg blei statsminister. I 2014 var Arbeidarpartiet og Høgre einige 40 prosent av gongene det var avstemming i Stortinget, men utover i perioden blei dei meir og meir einige igjen. I år har Arbeidarpartiet og Høgre stemt saman i 55 prosent av avstemmingane (mens SV og Høgre har vore einige i 21 prosent av avstemmingane).

Både Eva og andre som hevdar at forskjellane er små, har jo på ein måte rett. På mange område er skiljelinjene små. Som i synet på olje og gass (det skal leggast til rette for ny aktivitet, og næringa skal sikrast gode rammevilkår som gjer det mogleg med langsiktige investeringar), asylpolitikken (som skal vera streng og føreseieleg) og europapolitikken (som skal vera aktiv og basert på EØS-avtalen). Arbeidarpartiet er også einig med Høgre om hovudlinjene i både langtidsplanen for forsvaret og den nye organiseringa av politiet.

Skattekursen

Men på andre område er skilnadane betydelege. Skatt er eit slikt område, Eva. Arbeidarpartiet har i opposisjon for fyrste gang lagt fram si eiga Perspektivmelding. Perspektivmeldingane kjem kvart fjerde år og drar opp dei lange linjene for økonomien. I Aps alternative perspektivmelding blir behovet for å redusera økonomiske og sosiale forskjellar understreka. Det skal blant anna skal skje gjennom ein aktiv bruk av skattesystemet. Formuesskatten er blitt eit viktig symbol på forskjellen mellom Høgre og Ap. Høgre har programfesta å på sikt fjerna heile formuesskatten. Det betyr i praksis at dei rullar ut løparen

for nye nullskattytarar med kjempeformuar. Det vil ikkje Ap vera med på. Så kan du innvenda, Eva, at formuesskatten trass alt berre utgjer ein liten del av dei totale inntektene til skattekassa. Og trass i forskjellar på viktige område i skattepolitikken, stiller Arbeidarpartiet seg bak det same skatteforliket som Høgre. Skatteforliket som blei vedtatt i inneverande stortingsperiode inneber skatteletter både til næringslivet og personar. Arbeidarpartiet tar heller ikkje til orde for å henta fram att arveavgifta som Høgre fjerna, vel vitande om at arv er ei viktig årsak til aukande økonomiske forskjellar i Norge.

Det er jo mykje av det same, Eva. Men konklusjonen etter fire år med Høgre ved roret er likevel at skatte- og avgiftssystemet er blitt mindre omfordelande. Og mens Høgre har kutta skattane med over tjue milliardar kroner, og går til val på nye skattekutt (som ikkje er talfesta), lovar Arbeidarpartiet å auka skatteinntektene til staten att med 15 milliardar kroner.

Statkraft, Statoil, Telenor

Eigarskapspolitikken er eit anna område der Arbeidarpartiet og Høgre er forskjellige. Høgre går til val på å at staten skal selja unna delar av det statlege eigarskapet, som til dømes delar av Statkraft. Og ja, Eva, det er heilt rett at det ikkje var forskjell på Arbeidarpartiet og Høgre her då Statoil blei delprivatisert, trass i intern strid i Arbeidarpartiet. Også då Telenor blei delprivatisert, var Arbeidarpartiet og Høgre einige. Og med Ap-nestleiar Trond Giske som næringsminister blei delstatlege Ewos, eit stort selskap i havbruksnæringa, seld til eit utanlandsk privat oppkjøpsfond, som etter kort tid selde fôrselskapet vidare. Det er ikkje rart at du trur det er mykje det same, Eva.

Men sidan valnederlaget i 2001, då Ap blei straffa av veljarane for å vera for marknadsliberale, har dei lagt vekta over på venstrefoten og skriv i partiprogrammet sitt i dag at dei ikkje berre seier nei, men eit klart nei til å redusera det statlege eigarskapet. Ap-leiar Jonas Gahr Støre har også i denne avisa opna for å auka det statlege eigarskapet. På dette området ser det ut som at Arbeidarpartiet og Høgre er meir forskjellige i dag enn for nokre år sidan.

Profitørar eller varme hender?

Les du vidare i partiprogramma til Arbeidarpartiet og Høgre, Eva, kan du merka deg at eigarskap også utgjer ei markant skiljelinje når det gjeld korleis velferdstenestene skal organiserast. Høgre er mykje meir positiv til private eigarar og skriv i at dei vil effektivisera offentleg sektor og la private aktørar bidrar meir der det kan gi meirverdi i samfunnet. Ap på si side skriv at dei grunnleggjande velferdstenestene ikkje skal privatiserast eller kommersialiserast. Arbeidarpartiet skriv også at det må stillast krav til lønns- og pensjonsvilkår hos private tenesteleverandørar. Dei vil til dømes gi kommunane lov til å stilla same krav til private og offentlege barnehagar når det gjeld kravet til opningstider, kvalitet, innhald og inntak av lærlingar og arbeidsvilkår.

Arbeidarpartiet opnar også for at Nav skal ha høve til å gjennomføra fleire arbeidsmarknadstiltaka i eigenregi, mens understrekar også her at ikkje-kommersielle bedrifter, saman med attføringsbedrifter, skal vera dei dominerande leverandørane.

Ap har ikkje vore like kategoriske i kampen mot dei såkalla velferdsprofitørane som SV og Raudt, men sentrale Ap-politikarar som Martin Kolberg ønsker eit forbod mot profitt i velferda, og i Oslo har Ap vist at dei kan la seg pressa frå venstre på dette punktet.

Det mjuke arbeidslivet

Dersom me tar ein tur tilbake til oversikta frå Holder de ord over kor einige partia har vore, går det fram at i arbeidslivspolitikken er Arbeidarpartiet og Høgre blitt meir ueinige dei fire siste åra. I 2009–2010 stemte Arbeidarpartiet og Høgre saman i seks av ti avstemmingar, mens dei i 2014–2015 berre stemte saman i to av ti avstemmingar.

Då regjeringserklæringa frå Erna Solberg og co. kom for fire år sidan, var det klart at arbeidsmiljølova skulle mjukast opp. Og som sagt så gjort. Endringane i arbeidsmiljølova har skapt strid. Kven hugsar vel ikkje protestane landet rundt. Arbeidstakarar gjekk til streik, og det var ikkje berre Ap-vennane i LO som stegla. Dei partinøytrale i YS og Unio stemte med. På dette området skriv Ap at dei raskt vil gjennomføra endringar ved eit regjeringsskifte. Sjølv om Støre fleire gongar har sagt at «reversera» ikkje er eit uttrykk han står for, lovar Ap å fjerna den generelle opninga som regjeringa gav næringslivet til å bruka mellombelse stillingar. Ap lover også å fjerna høvet for såkalla nulltimarskontraktar og arbeidskontraktar utan lønn mellom oppdrag, som er blitt populære i bemanningsbransjen og som inneber at arbeidstakarar ikkje er garantert lønn når oppdraget er slutt, sjølv om dei på papiret har ein fast jobb.

Ap lister vidare opp fleire endringar dei lovar å gjera i løpet av dei neste fire åra, som å innføra ein kollektiv søksmålsrett i saker der det er usemje om innleige av arbeidskraft er lovleg eller ikkje. Ap vil også styrka retten til heiltid og styrka fortrinnsretten til større stilling. Det er ikkje vanskeleg å sjå kvar Arbeidarpartiet får sine arbeidslivsråd frå, på mange område er Aps arbeidslivspolitikk ein blåkopi av LOs syn på arbeidslivet.

Det høyrer også med til forteljinga om dagens Ap, Eva, at noko av det fyrste Jonas Gahr Støre gjorde då han blei Ap-leiar, var å henta den tidlegare målaren Jonas Bals frå det største LO-forbundet i privat sektor, Fellesforbundet, til rådgivarteamet sitt. Bals hadde markert seg med sterk kritikk av situasjonen i delar av arbeidslivet. Han var særleg uroa for handverksfag, fagutdanningane og den svake rekrutteringa. Kampen mot sosial dumping i Arbeidarpartiet er styrka.

Men Høgre har også nærma seg Arbeidarpartiet i arbeidslivspolitikken dei siste åra, mest i retorikk, men også litt i realitet. Du som er medlem av ei fagforeining, Eva, har du fått med deg at Høgre, som i mange år ville fjerna fagforeiningsfrådraget, no går til val på å behalda det? Målet er å halda oppe organisasjonsgraden i arbeidslivet. Det er Ap og Høgre einige om at er viktig. Men, kanskje som eit svar til Høgre og eit forsøk på å visa at dei er forskjellige frå Høgre, lovar Ap no ei dobling av frådraget.

Tvang og skilsmisse

Du kan også merka deg distriktspolitikken, Eva. Her er skiljelinjene mellom Ap og Høgre blitt større. Mens Ap skriv at dei vil ha eit landbruk med variert bruksstruktur over heile landet, vil Høgre vri tilskottsordningane. Høgre vil skrota buplikta på norske gardar og i mindre grad basera landbruket på overføringar frå staten, i motsetning til Ap. Då **Agrianalyse** før helga presenterte si utspørring av stortingskandidatar, gjekk det fram at nær alle av Ap-politikarane vil behalda dei offentlege støtteordningane til jordbruket på minst same nivå som i dag. Under halvparten av Høgre-politikarane hadde same ambisjon.

Kommunereforma er eit anna døme på at Ap har stått Høgre nærare før, faktisk var Ap meir ivrige enn Høgre etter å slå saman kommunar for ein del år tilbake. Men dei siste åra, særleg det siste, har Ap i stadig større grad vendt Høgre ryggen. Ap vil ikkje lenger tvinga kommunar saman og lovar skilsmisse til alle som er slått saman med tvang. Ap vil også legga heile regionreforma i papirkorga.

Så kva skal eg seia deg, Eva, du har jo rett: På mange område er Arbeidarpartiet og Høgre likare enn dei sjølve liker. Men når det kjem til blant anna arbeidsliv, skatt, organiseringa av velferdsstaten, offentleg eigarskap og distriktspolitikk, er det betydelege forskjellar, og når det gjeld arbeidsliv og distriktspolitikk er forskjellane større enn dei har vore på lenge.

annekarih@klassekampen.no

Du som er medlem av ei fagforeining, Eva, har du fått med deg at Høgre no går til val på å behalda fagforeiningsfrådraget?

Bildetekst:
- SKIL LAG: Grafen viser når Arbeidarpartiet og Høgre har stemt saman i saker knytt til arbeidslivet. Kilde: Holder de ord

© Klassekampen
Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke videreformidles utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.